

Dirdal skule 2020/2021



Informasjon

Rektor har ordet...

Velkomne til eit nytt skuleår. Det er alltid spennande med oppstart. Både elevar, føresette og tilsette er fulle av håp og ønskje om eit godt år, og spenning om ein vil lukkast.

Skule handlar om **læring** av kompetanse (kunnskap + ferdigheitar) og **utvikling** av menneske slik at det kan fungere i eit samspel i samfunnet. For å få dette til, er det viktig med tydelege mål, høge forventningar og gode tilbakemeldingar på arbeid og prosess. Vi er avhengige av god kommunikasjon, hardt arbeid og høg innsats frå deltakarane.

Eit godt samarbeid med føresette er ein viktig føresetnad for å nå måla våre. I dette heftet har vi samla ein del informasjon alle føresette bør vite om skulen. I løpet av året vil de få nødvendig informasjon gjennom foreldremøte, konferansar, vekeplanar og andre informasjonsskriv. På vekeplanen vil de få ei oversikt over måla for veka og kva elevane skal jobbe med. Vekeplanar blir sendt på SchoolLink eller lagt ut i Classroom.

Adressa heimesida vår <http://www.minskole.no/dirdal>.

Skulen si hovudoppgåve er å ruste elevane for framtida. Samfunnet er stadig i endring og kompetansebehovet vil difor også vere i endring. I år blir det ekstra merkart, i og med at vi har ny nasjonal læreplan som trer i kraft frå august 2020. Dette krev at skulen legg opp til ei undervisning som gjer at elevane får vere aktive, kreative, nysgjerrige og nytenkjande. Med stadige endringar, er det viktig at ein er fleksibel, endringsvillig, har gode kommunikasjons- og samarbeidsevner og gode evner til kritisk tenking. Skulen skal ha eit inkluderande miljø, både fagleg og sosialt. Det betyr at alle elevar skal oppleve meistring, få delta og bidra, få høyre til og ha lik verdi. Det er skulen si oppgåve å leggje til rette for at alle elevar skal få lov til å lukkast etter sine føresetnadar, og elevar og føresette har medansvar for at alle har det godt.

Skulen sin visjon er **Lærerikt fellesskap**. Vi lærer saman, og mangfald og ulikskap gjer at vi får eit rikare og breiare perspektiv, auka kompetanse og større forståing. Gjennom vårt arbeid skal vi tilstrebe verdiane våre; **respekt, inspirasjon, kvalitet og trivsel**.

Eg ser verkeleg fram til eit nytt og spennande skuleår på ein skule som skal vere i stadig utvikling!

INNHALDSLISTE

| | |
|-------|---------------------------------------|
| | Rektor har ordet |
| | ... 2 |
| | Kort om Dirdal skule |
| | 4 |
| | Skulerute 2020/2021 |
| | 5 |
| | Tilsette |
| | 6 |
| | Praktiske opplysningar |
| | 7 |
| | Sfo og leksehjelp |
| | 10 |
| | Helsetenesta og PPT |
| | 11 |
| | Sosiallærer og Familiesenteret |
| | 12 |
| | SOL og kartleggingsprøver |
| | 13 |
| | Nasjonale prøver |
| | 14 |
| | Samarbeid heim/skule |
| | 15 |
| | FAU og skulen si heimeside |
| | 16 |

Kort om Dirdal skule



Tal på elevar: 133 elevar fordelt på 10 klasser

Tal på tilsette: 22 tilsette (+ 2 reinhaldarar og 1 vaktmeister)

Administrasjonen:

| | Namn | Telefon | e-mail adresse |
|----------------------|---------------------|----------------|--|
| Rektor | Mari-Anne Haugsbakk | 51 61 48 26 | mari-anne.haugsbakk@gjesdal.kommune.no |
| Ass.rektor | Hege Antonsen | 51 61 48 27 | hege.hansen@gjesdal.kommune.no |
| Saksansvarleg | Arny S. Gilja | 51 61 48 25 | arny.skjaeveland.gilja@gjesdal.kommune.no |

Postadresse: Kroveien 270, 4335 Dirdal

Besøksadresse: Kroveien 270, 4335 Dirdal

Telefon (sentralbord): 51 61 48 25

E-mail: dir-adm@gjesdalskolen.com

Heimeside: <http://www.minskule.no/dirdal>

Skulerute 2020/2021



| | | |
|-----------|--|-----|
| August | Måndag 17. august (skulestart for elevane) | 11 |
| September | | 22 |
| Oktober | Haustferie veke 41 (måndag 5.oktober – t.o.m. fredag 9.oktober) | 17 |
| November | Elevfri fredag 13. november | 20 |
| Desember | Fredag 18.desember (siste dag før jul) | 14 |
| Januar | Måndag 4. januar (første skuledag etter jul) | 20 |
| Februar | | 20 |
| Mars | Vinterferie veke 9 (måndag 1.mars – t.o.m. fredag 5.mars) | 15 |
| April | Påskeferie veke 13 (måndag 29.mars t.o.m. tysdag 6.april) Onsdag 7.april er første skuledag etter påskeferien. | 18 |
| Mai | Torsdag 13.mai (Kr.h.f) Fredag 14.mai (fridag for elevane) Måndag 17.mai (nasjonaldag) Måndag 24.mai (2.pinsedag) | 17 |
| Juni | Tysdag 22.juni (siste skuledag for elevane) | 16 |
| | Sum skuledagar | 190 |

Tilsette ved Dirdal skule 2020/2021

| Trinn | Kontaktlærer | e-post |
|----------|---|--|
| 1.trinn | Ane Gilje Sirevåg | Ane.Gilje@gjesdal.kommune.no |
| 2.trinn | Anne Grethe Hov | Anne.Hov@gjesdal.kommune.no |
| 3.trinn | Tone Kristin Gilje Dahl | ToneKristin.GiljeDahl@gjesdal.kommune.no |
| 4.trinn | Olga Slettebø Gilje | Olga.S.Gilje@gjesdal.kommune.no |
| 5.trinn | Britt Elin Mecea | BrittElin.Mecea@gjesdal.kommune.no |
| 6.trinn | Stine Pedersen og Lina Y. Eidsaa | Stine.Undheim@gjesdal.kommune.no Lina.YtrelandEidsaa@gjesdal.kommune.no |
| 7.trinn | June Idland | June.Idland@gjesdal.kommune.no |
| 8.trinn | Karianne Gilje | Karianne.Gilje@gjesdal.kommune.no |
| 9.trinn | Hanne Marte Vatnaland Magnus J. Stokke | HanneMarte.Vatnaland@gjesdal.kommune.no Magnus.Stokke@gjesdal.kommune.no |
| 10.trinn | Amelie Henden | Amelie.Henden@gjesdal.kommune.no |

| Timelærer | e-post |
|------------------|--|
| Arny S. Gilja | Arny.Skjaeveland.Gilja@gjesdal.kommune.no |
| Gjermund Frøland | Gjermund.Froland@gjesdal.kommune.no |
| Inger V. Gilje | IngerVeen.Gilje@gjesdal.kommune.no |
| Jofrid K. Gilje | Jofrid.Kirkeholm.Gilje@gjesdal.kommune.no |
| Renate L Gilje | Renate.L.Boe@gjesdal.kommune.no |

| Miljøarbeidar | e-post |
|---------------------|--|
| Tina H. Espeland | Tina.HansenEspeland@gjesdal.kommune.no |
| Kristin R. Brattebø | Kristin.Brattebo@gjesdal.kommune.no |
| Hilde E. Jensen | Hilde.Egeland.Jensen@gjesdal.kommune.no |

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

Aktivitetsleiarar:

På kvar skule i Gjesdal kommune er det aktivitetsleiarar. Desse skal vere med på å skape auka aktivitet i friminutta. Elevar på 4.-7.trinn kan søkje om å få bli aktivitetsleiarar. Desse har ansvar for ulike aktivitetar og leikar i matfriminuttet.

Ansvarlege AL-lærarar på Dirdal skule er Inger V. Gilje og Tina H. Espeland.

Allergiar:

Hugs å gje beskjed til skulen dersom du har ein elev med allergi.

Bokbind:

For at skulebøkene skal vare lengst mogleg, skal de leggje bokbind på alle lærebøkene.

Chromebook:

Alle elevar i Gjesdal kommune har tilgang på ein Chromebook. Elevane kan ta med seg denne heim, dersom føresette har skrive under på ein kontrakt. Kontrakten finn de på heimesida.

Erstatningsansvar for bøker og skulen sitt materiell

Bøker som vert behandla stygt eller mista, må elevane erstatte. Når elevane med vilje øydelegg skulen sitt materiell, vert det kravd erstatning. Når det gjeld erstatningskrav for Chromebook viser vi til avtalen som elevar og føresette har skrive under.

Erstatning for klede o.l.

Skulen gir ikkje erstatning for klede, briller eller gjenstandar som blir skada eller øydelagt, utan at det er vist lite aktsemd frå skulen si side.

Fritak frå undervisninga

Dersom eleven skal søkjast fri i inntil tre dagar, kan de søkje til kontaktlærer via SchoolLink. Dersom ein skal søkje om meir enn tre dagar, skal søknaden sendast minimum 10 dagar før som eige brev eller e-post til rektor. Skjema finst på heimesida.

Gratisprinsippet i skulen

§ 2-15. Rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring

Elevane har rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring. Kommunen kan ikkje krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med grunnskoleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skoletida, leirskoleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskoleopplæringa.

Les meir om gratisprinsippet i skolen [her](#)

Kroppsøving/symjing

Til kroppsøvingstimane skal elevane ha med: treningsklede, innesko (som ikkje svartar), såpe og handkle. Til symjetimane skal elevane ha med: badeklede, badehette, såpe, sjampo og handkle. Elevane kan ikkje ha symjing dersom dei har opne sår. Dersom elevane ikkje skal ha gymnastikk/symjing må dei ha melding frå føresette.

Klasseforeldremøte

I kvar klasse skal det haldast minimum to klasseforeldremøte pluss to utviklingssamtaler med føresette og elev, kvart år.

Klede og gjenstandar som er attgløynde

Hugs å merke mest mogleg av klede/sko og tøflar med namn, då er det lett å finne att. Attgløynde klede/sko vert lagt i ei korg i kvar avdeling. Det som ikkje blir henta, blir sendt til Fretex e.l. etter skuleslutt i juni.

Miljøskapar

Elevar på ungdomstrinnet kan få søkje om bli ein miljøskapar ute i storfriminuttet. Ein miljøskapar trøstar, legg på plaster, involverer andre i leik, drar i gang ein leik.

Mobilhotell

Elevar kan ha med seg mobiltelefon/smartklokke til skulen. Alle telefonar/smartklokker ligg i mobilhotel. Kun ungdomstrinnet kan nytte telefonane i friminutta.

Refusjon ved skuleskade

Alle elevar ved skulen er innmeld i Rikstrygdeverket. Dersom ein elev skadar seg på skulen, vil føresette få igjen utlegg til materiell/transport o.l. ved NAV. Hugs å ta med kvittering.

Tiepleikt/spesielle opplysningar om eleven

Alle som arbeider ved skulen har tiepleikt. Det er viktig at skulen får opplysning dersom ein elev lir av ein spesiell sjukdom, brukar medisinar eller har andre problem.

SchoolLink

SchoolLink er ei digital teneste for kommunikasjon mellom skule og føresette. Tenesta skal vere den primære kommunikasjonskanalen for skriftleg kontakt mellom skule og heim. Tenesta kan brukast via webportal eller med eigne applikasjonar for smarttelefon og nettbrett. SchoolLink skal brukast til:

- Å gje melding om fråvær ved sjukdom (Rapporter fråver)
- Å gje beskjed om eleven skal til lege, spesialist eller liknande (Rapporter fråver)
- Å gje andre meldingar som gjeld praktiske sider ved eleven sin skulegang (Ny melding)
- Å søkje om fråvær inntil 3 dagar (Ny melding)
- Informasjon frå skulen/lærarane

<http://skule.netpower.no/jaerkommuner/>

Skulemjølk

Føresette bestiller mjølk, yoghurt og smoothie gjennom <http://skolelyst.no>

Skuleskyss

På Dirdal skule har alle elevar i 1.klasse rett på fri skyss. Frå og med 2.klasse er det kun elevar med farleg skuleveg, eller som bur 4 km unna skulen, som har denne retten.

SFO

SFO morgon:

Måndag-fredag: 07.00-08.20

SFO ettermiddag:

Måndag og torsdag: 14.30-16.00

Tysdag, onsdag og fredag: 12.10-16.00

SFO har 3 ulike tilbod:

| | |
|-------------------------------|------------------------------------|
| A-tilbod (mindre enn 6 timar) | kr. 1.440,- (følgjer skuleruta) |
| B-tilbod (6-15 timar) | kr. 2.670,- (tilbod også i feriar) |
| C-tilbod (over 15 timar) | kr. 2990,- (tilbod også i feriar) |

Kjøpeplass SFO: kr 50,- pr påbegynt time

Dagsplass SFO (feriar) kr 225,-

Leksehjelp

Leksehjelptilbodet er organisert på følgjande måte:

- 3.- 6. klasse har leksehjelp måndag 13.30-14.30. Elevane tek bussen/syklar heim, eller går på SFO etter leksehjelp. Elevar som ikkje nyttar seg av leksehjelp blir henta/syklar heim. Det er berre elevar som har rett på fri skuleskyss som har tilbod om tilsyn dersom dei ikkje nyttar seg av leksehjelptilbodet.
- 7.-10.klasse får tilbod om leksehjelp måndag frå 14.30-15.30.

Det er framleis dei føresette sitt ansvar å sjå til at leksene er gjort. De kan ikkje forvente at alle leksene er gjort og/eller kontrollert når eleven har gjort lekser på skulen. Leseleksene blir ikkje sjekka på leksehjelp, dette er heimen sitt ansvar. Leksehjelp er eit frivillig tilbod. Dersom nokon elevar ikkje ønskjer/tek i mot leksehjelp, viser vi til punkt ein over.

Helsetenesta

Skulehelsetenesta har som hovudoppgåve å drive førebyggjande arbeid i grunnskulen og samarbeider med heim, skule og anna hjelpeapparat for å identifisere og løyse dei helsemessige problema som knytte seg til skuleelevar sin situasjon. Skulehelsetenesta følgjer statlege planar, og gir informasjon og rettleiing, individuelt og i grupper. Dei tilbyr og set vaksinar. Helsesjukepleiar på Dirdal skule er Siri Vatland. Ho kan kontaktast på mail: siri.vatland@gjesdal.kommune.no

PROGRAM:

1.klasse: Skulestartkontroll

2.klasse: Vaksinerings (DTP)

3.klasse: Vekt/høgde måling og undervisning: "å ta vare på kroppen"

5.klasse: Tilbod om pubertetsundervisning

6.klasse: MMR-vaksine (meslingar, kuma, Røde hunder) og samarbeid med SMISO

7.klasse: HPV-vaksine (vaksine mot livmorhalskreft)

8.klasse: Vekt/høgde måling og helsesamtale

9.klasse: Tilbod om seksualundervisning

10.klasse Tetravac-vaksine (difteri, stivkrampe, kikhoste og poliomyelitt) og tilbod om besøk på Helsestasjon For Ungdom på Ålgård

Treffetid helsesjukepleiar: måndag eller tysdag kl 08.30-12.30 og torsdagar kl. 08.30-14.00

PPT (Pedagogisk/psykologisk helseteneste)

Gjesdal kommune har eigen PPT-teneste med kontor i Rettedalen 7. PPT er eit fagleg organ som skal vere med å sikre at barn, unge og vaksne som treng særskilt hjelp, får gode opplærings- og utviklingsvilkår. Føresette og barn har også muligheit for sjølv å ta kontakt med tenesta for å få hjelp. TLF: 51 61 43 32

Sosiallærer

Lina Y. Eidsaa har jobben som sosiallærer ved Dirdal skule.

Ein sosiallærer er ein pedagog som jobbar med den sosialpedagogiske tenesta i skulen.

Det vil seie at sosiallæraren kan vere:

- ein å snakke med dersom du har lyst til å ta opp vanskelege ting både i og utanfor skulen.
- eit bindeledd mellom elevar, helsesjukepleiar, lege, sosialkontor, barnevern eller andre, dersom det er ønskeleg.
- ein som arbeider førebyggjande med det psykososiale miljøet.

HUGS ingenting er for dumt å spørje om!

Er det noko du treng å prate om, treng hjelp med...?

Lina kan kontaktast:

- Ved å leggje ein lapp i opphengt postkasse
- Via mail: eidlin@gjesdalskolen.com
- SchoolLink
- Direkte kontakt på skulen

Familiesenteret

Familiesenteret er et gratis lavterskeltilbud til familier med barn og unge fra 0-18 år. Vi tilbyr foreldreveiledning, familiesamtaler og samtaler med barn og unge. Det er et tilbud til familier som trenger oppfølging utover det skoler, barnehager eller helsestasjonstjenester gir. Familiesenteret har også ulike kurs og grupper. Familier kan ta direkte kontakt, det trengs ingen henvisning. Se vedlagt brosjyre for mer informasjon, søk på familiesenteret på kommunens hjemmesider eller ring oss på telefon 904 10 651 [eller sjå info her](#)

SOL (Systematisk Observasjon av Lesing)

Å lære barn å lesa er ei av dei viktigaste oppgåvene i skulen. Norsk skule kan gjera ein betre jobb på dette området. I Gjesdal har vi utvikla verktøyet SOL for observasjon av lesing. SOL er basert på nyare forskning og mange års erfaring.

I SOL er leseopplæringa på mellomsteget og ungdomssteget like viktig som den første leseopplæringa. Leseutviklinga skal fortsetja også etter at eleven har "lært seg å lesa".

SOL er eit observasjonsverktøy. I tillegg er det også ein kunnskapsbank og eit oppslagsverk både for den generelle undervisninga og for "tetting av hol" hos den enkelte eleven. SOL gir ein oversikt over kvar eleven er i leseutviklinga si, og gir læraren betre føresetnad for å driva god og tilpassa leseopplæring.

Alle elevane skal "solast" (kartleggjast med SOL) kontinuerleg. Resultata frå solingen skal bli formidla til elevane og dei føresette. Eleven, skulen og heimen får med dette informasjon og innsikt til å arbeide mot ein optimal leseutvikling.

Alle lærarane har fått opplæring i SOL.

Kartleggingsprøver

I løpet av året skal elevane på 1., 2., 3. og 4. trinn gjennomføre ulike kartleggingsprøver i lesing, rekning, engelsk og digitale ferdigheiter. Kartleggingsprøvene skal brukast av skulen og lærarane til å finne dei elevane som treng ekstra hjelp i løpet av dei første skuleåra. Dei fleste elevane vil få til mange av oppgåvene, og mange vil oppleve prøva som lett. Prøva vil derfor ikkje gi informasjon om elevar med gode ferdigheiter. I Gjesdal kommune er alle kartleggingsprøvene obligatoriske. Meir informasjon om kartleggingsprøvene finn du på:

<https://www.udir.no/eksamen-og-prover/prover/hva-er-kartleggingsprover/>

| | Lesing | Rekning | Engelsk | Digitale ferdigheiter |
|------|--------|---------|---------|-----------------------|
| 1.kl | x | x | | |
| 2.kl | x | x | | |
| 3.kl | x | x | x | |
| 4.kl | | | | x |

Nasjonale prøver

Nasjonale prøver er ikkje prøver i fag, men i grunnleggjande ferdigheiter i alle fag. Prøvene i lesing og rekning tek derfor ikkje berre utgangspunkt i kompetansemåla i norsk og matematikk, men også i andre fag der mål for lesing og rekning er integrerte. Prøvene i engelsk skil seg frå dei to andre prøvene, sidan dei tek utgangspunkt i kompetansemål i eit fag.

Dei nasjonale prøvene skil seg frå internasjonale testar og kartleggingsprøver. Dei internasjonale testane gir resultat på nasjonalt nivå, og grunnlag for å samanlikne dei norske elevresultata med resultata til elevar frå andre land. Dei er utvikla for å vurdere endring i ferdigheitene til elevane over tid. Kartleggingsprøver skal vere eit pedagogisk verktøy for læraren og skal gi kunnskap om kven av elevane i klassa som treng særskild oppfølging. Alle prøvene er elektroniske.

| Nasjonale prøvar | 5.klasse | 8.klasse | 9.klasse |
|------------------|----------------|----------------|----------------|
| Lesing | 31.aug-25.sept | 31.aug-25.sept | 31.aug-25.sept |
| Rekning | 31.aug-25.sept | 31.aug-25.sept | 31.aug-25.sept |
| Engelsk | 31.aug-25.sept | 31.aug-25.sept | |

Samarbeid heim/skule

Kunnskapsløftet legg stor vekt på at heimen og skulen må stå saman om den viktige oppgåva det er å skape eit best mogleg oppvekstmiljø for barna våre. La oss arbeida saman for ein open og direkte kontakt mellom heim og skule. I tillegg til årlege treffpunkt på foreldremøte og utviklingssamtalar, er lærarane tilgjengelege både på e-post og telefon. Saker kan også fremjast til skulen via klassekontaktane.

FAU er elles ein god støttespelar for skulen, både i forhold til sosialt arbeid og fagleg innhald.

Klassekontaktar skuleåret 2020/2021

| Klasse | Namn | Kontaktinformasjon |
|--------|--|--------------------------|
| 1.kl | Kristin Eiken Gilje Irene Høiland | 928 19 629 986 33 033 |
| 2.kl | Amelie Henden Louise Gilje Lilleheim | 416 15 366 473 09 055 |
| 3.kl | Camilla Kommedal Gilje Aud Marie Gilje | 975 97 616 977 37 517 |
| 4.kl | Tone Beth Gilje Kristin Eiken Gilje | 932 56 707 928 19 692 |
| 5.kl | Berit Helland Hanne Askeland | 921 52 202 482 13 611 |
| 6.kl | Camilla Kommedal Gilje Jane Marie Gilje Skjærpe | 975 97 616 971 16 591 |
| 7.kl | An-Magritt Haaland Inger Olinda Dirdal | 992 30 164 958 79 535 |
| 8.kl | Lucjan Kufel Melanie Campbell | 968 37 413 958 72 438 |
| 9.kl | Kjersti Risøy Solheim Anette Selvikvåg Gilja | 916 34 123 971 89 159 |
| 10.kl | Annette Gjesdal Asle Jakobsen | 416 86 466 415 86 699 |

Klassekontaktane er eit viktig bindeledd mellom heim og skule. Det skal veljast 2 klassekontaktar frå kvar klasse. Klassekontaktane sitt i 2 år.

FAU

Alle som har born ved skulen, er medlemmar av foreldrerådet. Foreldrerådet velgjer eit styre. Dette blir kalla foreldrerådets arbeidsutval- FAU. Foreldrerådet skal fremje felles interesser til foreldra og bidra til at elevar og foreldre tar aktiv del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø.

Foreldrerådet skal arbeide for å:

- Skape god kontakt mellom den enkelte heim og skulen
- Legge forholda til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane
- Skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet

FAU konstituerer seg kvar haust. Representantane i FAU blir lagt ut på heimesida så fort det er klart.

Heimesida/abonner på nyheiter frå skulen

Dirdal skule har si eiga heimeside: <http://www.minskule.no/dirdal>

På skulen si heimeside finn de m.a. ein mobbknapp for å melde frå om mobbing, ordensreglement, diverse informasjon og skjema frå skulen. Vi legg også ut bilete frå hendingar som elevane er med på.